

## EIT GODT RÅD

Eit godt råd når du skal starte med eit biogassanlegg, er å lage ein forretningsplan. Planen skal gi deg eit realistisk bilet av den planlagde verksemda og skal seie noko om framtidsutsikter og potensial. Dette vil gjere deg meir bevis på det å drive ei bedrift, slik at du skal forstå kva du treng for å lykkast og tene pengar.

Forretningsplan er først og fremst eit verkty for deg, men også bankar, investrar, samarbeidspartnarar, styresmakter og andre vil vere interessert i dette. Å lage ein forretningsplan er som å "drive" ei bedrift på papiret, og det viktigaste av alt - det at du tener penger på biogassanlegget ditt!



## LØYVE

Byggemeldingar, utsleppsløyve, mattilsynet, brann og beredskap  
Anlegg som nyttar gjødsel frå eigen gard treng ikkje utsleppsløyve. Heller ikkje bygdeanlegg som tar imot gjødsel frå fleire gardar der gjødsla blir tilbakeført til dei respektive gardane.

## AVTALAR

Intensjonsavtalar - andre gjødselprodusentar, kjøp av organisk materiale  
Avtalar om biorest  
Avtalar om sal av straum, gass eller varme

## FORRETNINGSPLANEN BØR INNEHALDE DESSE PUNKTA

### BAKGRUNN

Litt om deg sjølv, garden og motivet for å starte med dette, val av selskapsform, vedtekter

### FORRETNINGSIDÈ

Kva skal du produsere til kven? Straum • gass • varme

### PRODUKT

Kor mange kWh skal produserast? Kva type gjødsel skal nyttast? Har du nok gjødsel sjølv? Transport av gjødsel. Skal husdyrgjødselet arbeidast med i nokon form før det skal nyttast? Kva skal du tilsette av organisk materiale, korleis får du tak i det og til kva pris? Kva skal bioresten nyttast til? Transport av biorest. Miljømessige tilhøve.

Utstyr - har du alt du treng av bygningar, utstyr og naturressursar? Har du kjennskap til bransjen, råvarer og leverandørar?

### MARKNAD OG KUNDAR

Kven er kundane dine? Garden, naboen, bygda, fabrikken, hotellet, gassrøyrleidningen eller andre. Har du avtalar med dei?

### OPPLÆRINGSBEHOV

Treng du kurs, utdanning, studieturar eller anna form for kompetanseheving?

### ØKONOMI

Pris pr kWh, kor store investeringar treng du? Pris på gjødsel, pris på biorest. Driftsbudsjett (minst 5 år), investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett

### KONKURRENTAR

Kven og kor mange konkurrentar



### STERKE OG SVAKE SIDER

Sterke og svake sider ved prosjektet

### SAMARBEID

Samarbeider du med nokon?

### FRAMDRIFTSPLAN

Tidsplan for framdrifta i prosjektet

### VEDLEGG



## DIN GARD, DIN ENERGI, DI FRAMTID

### KVIFOR BIOGASSPRODUKSJON?

- sjølvforsynt • mindre bruk av kunstgjødsel • miljøprofil • klimanøytralt
- drivstoff • lønsamt •

### GODE GRUNNAR TIL Å STARTE MED BIOGASSANLEGG

- Løyser spreiearealproblem
- Løyser fosforutfordringane
- Vassdirektivet
- Betre nytte av avfall frå land- og havbruk
- Redusere klimagassutsleppa
- Møte marknaden med å produsere miljøvenleg mat
- Dekke energibehovet
- Oppretthalde busetting og arbeidsplassar

### LENKAR

- Fylkesmannen i Rogaland - [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)
- Enercoast - [www.enercoast.eu](http://www.enercoast.eu)
- Ryfylke IKS - [www.ryfylkeiks.no](http://www.ryfylkeiks.no)
- Innovasjon Norge - [www.innovasjonnorge.no](http://www.innovasjonnorge.no)
- Enova - [www.enova.no](http://www.enova.no)

Utarbeidd av Kari Sand, Bygdeutvikling i Ytre Ryfylke som ein del av bioenergiprosjektet Enercoast ved Ryfylke IKS - [kari.sand@fmro.no](mailto:kari.sand@fmro.no) - +47950 31190 - 30.august 2011



HAR DU TANKAR OM  
Å STARTE EIT  
**BIOGASS-  
ANLEGG?**

